

Johan Feet i oppmålingsavdelingen i kommunen kunne i førre veka leggja fram ein god nyheit: Kommunen er tidleg ute i landssamanheng og kan no tilby kommunekart som gratis app på smarttelefon og nettbrett.

I mange år har dei hatt tilbod om detaljerte kart på internett gjennom www.fonnakart.no. Det som no skjer er eit naturleg steg vidare.

- Kva går så det steget ut på?
- Med appen Kommunekart kan alle som har ein dings med iOS eller Android få fram kart, flyfoto, arealplanar, godkjende bygg og eigedomar i kommunen. Ein kan bruka GPS-en i telefonen eller nettbrettet til å finna posisjonen sin, Ved å trykka på skjermen kan ein så få opplysningar om eigedomsnummer, planstatus eller eventuelt ruteberekning hvis ein har reiseplanar.
- Er opplysningane like gode uansett kvar ein søker?
- Karta i appen dekkjar heile landet, men innhaldet av planar og informasjon ellers er varierende frå kommune til kommune. Akt du får gjennom appen er så ferskt som det er mogeleg å få det og detaljeringa er særdeles høg.
- Men det stoppar ikkje med kommunekart?
- Nei, om ei stund vil vi koma med fleire kartlag, mellom anna vatn og avlaup (VA). Vi har i det heile stor tru på dette tilbodet. Kombinert med GPSen på telefonen kan vi til ei kvar tid finna ut kor i kartet vi står, til dømes på ein stad som er regulert til bustadar,

Av Ola Matti Mathisen